



Bygland kommune  
Med hjarta i Bygland

# Kommuneplanen sin arealdel

## 2023-2035

### Planomtale





## Innhald

|  |           |
|--|-----------|
| <b>1 Innleiing.....</b>  | <b>3</b>  |
| 1.1 Formålet med revisjonen .....  | 3         |
| 1.2 Kommuneplanen sin arealdel.....                                      | 3         |
| 1.3 Kommuneplanen sin samfunnsdel.....                                   | 3         |
| 1.4 Overordna arealstrategi .....  | 3         |
| 1.5 Hovudtema i planarbeidet .....                                       | 3         |
| 1.6 Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) .....         | 4         |
| 1.7 Dialog og medverknad .....   | 5         |
| 1.8 Organisering og habilitet .....                                      | 6         |
| 1.9 Utviklingstrekk .....  | 6         |
| <b>2 Næringsutvikling og samarbeid om nye arbeidsplassar .....</b>       | <b>7</b>  |
| 2.1 Status.....  | 7         |
| 2.2 Vegen vidare .....   | 7         |
| <b>3 Folkehelse, levekår, likestilling, inkludering og mangfald.....</b> | <b>8</b>  |
| 3.1 Status.....  | 8         |
| 3.2 Vegen vidare .....   | 8         |
| <b>4 Klima og miljø.....</b>   | <b>9</b>  |
| 4.1 Status.....  | 9         |
| 4.2 Vegen vidare .....   | 9         |
| <b>5 Konsekvensutgreiing og ROS.....</b>                                 | <b>10</b> |
| 5.1 Endringar frå gjeldande arealdel .....                               | 10        |
| 5.2 Konsekvensar av arealendringane .....                                | 10        |
| 5.3 Risiko og sårbarheit .....   | 10        |
| <b>6 Arealrekneskap.....</b>   | <b>12</b> |
| 6.1 Formålsendringar.....  | 13        |
| 6.2 Planreserve .....  | 14        |
| 6.3 CO2-utslepp .....  | 14        |
| 6.4 Beslag av arealtypar ved realisering av planreserve .....            | 15        |
| <b>7 Planen sin samla verknad .....</b>                                  | <b>16</b> |

Framside: Fånefjell Foto: Anders Martinsen

# 1 Innleiing

## 1.1 Formålet med revisjonen

Kommuneplanen sin arealdel vart sist revidert i 2011. Kommunestyret vedtok å starte arbeidet med revidering av kommuneplanen i 2018. Dette vart stadfesta i kommunal planstrategi 2020-2024.

Det er eit mål at arealdelen skal vere eit føreseieleg styringsdokument, som skal bidra til å vidareutvikle Bygland kommune på en berekraftig måte i et langsigkt perspektiv. Arealdelen skal vere i tråd med arealprinsippa i kommuneplanen sin samfunnsdel, FN sine berekraftsmål og nasjonale, regionale og kommunale føringer.

## 1.2 Kommuneplanen sin arealdel

Kommuneplanen sin arealdel er kommunen sitt overordna styringsverktøy for arealutvikling og utbyggingspolitikk. Arealdelen består av rettsleg bindande plankart, føresegner og retningsliner og planomtale, og den legger føringer for bruk, vern og utforming av areal og omgjevnader i heile kommunen.

Planen er vårt viktigaste verktøy for heilskapleg og langsigkt planlegging, og skal sikre at arealbruken i kommunen bidrar til å nå måla i kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2032. Den overordna arealstrategien er lagt til grunn for vurdering av kva for nye tiltak og ny arealbruk som kan tillatast og for endring av gjeldande arealbruk. Arealdelen gjev også grunnlag for å utarbeide meir detaljerte planar for enkeltområde.

## 1.3 Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel gir retning for den langsigktige utviklinga av kommunen, samtidig som den fastsett kva for satsingsområde kommunen skal prioritere i perioden.

I samfunnsdelen har vi definert fem satsingsområde:

- Attraktive og livskraftige sentra og bygdelag
- Verdiskaping og berekraft
- Utdanning og kompetanse
- Kultur, idrett og friluftsliv
- Transport, kommunikasjon og samfunnstryggleik

I tillegg har samfunnsdelen tre gjennomgåande perspektiv:

- Næringsutvikling og samarbeid om nye arbeidsplassar
- Folkehelse, levekår, likestilling, inkludering og mangfold
- Klima og miljø

Oppfølging av satsingsområda er skildra i kommunen sin handlings- og økonomiplan, der prioriterte mål og tiltak blir konkretisert og utvikla vidare i kommunen sine temaplanar.

Satsingsområda i kommuneplanen sin samfunnsdel skal også bli spegla i arealdelen.

## 1.4 Overordna arealstrategi

Vedtatt arealstrategi bygger opp under mål og strategiar i samfunnsdelen og gir overordna føringer for kommunen sin fysiske utvikling i et langsigkt perspektiv. Utviklinga av sentruma og bygdelaga har fokus på gode bustadområde og gode forbindinger til tenester og møteplassar for å skape inkluderande og aldersvenlege samfunn. Sikring av landbruksareal og naturområde med vatn og vassdrag tar i vare naturmangfold og avgrensar dei negative konsekvensane av klimaendringane. Prinsippa for lokalisering av arbeidsplassar bidrar både til å løfte Bygland med levande sentra og til å styrke kompetansemiljø og redusere transportbehov.

I planforslaget blir satsingsområde og overordna arealstrategi følgd opp blant anna ved å videreføre to sentrum, prioritere utbygging og transformasjon i og nær senterområde, ivareta grønstrukturen og dyrka mark og sikre tilstrekkelege areal for berekraftig næringsutvikling.

## 1.5 Hovudtema i planarbeidet

Planprogrammet for kommuneplanrevisjonen vart fastsett av kommunestyret i mai 2019. I planprogrammet vart det lagt rammer for planprosessen og kva revisjonen skal omfatte:

- Gjennomgang av områder for revisjon og oppdatering av desse
- Inkludere nye føremålsområder og omsynssoner
- Utarbeide sti- og løypeplan
- Kartlegge tiltak for å avhjelpe flaumsituasjonen i Åraksfjorden

Arealdelen skal bidra til å styrke samanhengen mellom sosial-, miljømessig- og økonomisk berekraft, og vere eit viktig bidrag for å nå berekraftsmåla.

### Gjennomgang av områder for revisjon og oppdatering av desse

Tidleg i prosessen vart det tydeleg at det var behov for å oppheve dei eldste gjeldande reguleringsplanane som var vedtatt etter PBL av 1965. Det vart gjennomført eit eige prosjekt der grunneigarane vart varsle om oppheving av planane

og fekk moglegheit til å kome med innspel til dette. Ved vedtak av planen blir 21 reguleringsplanar oppheva og erstatta med arealformål og planføresegner.

Gjennomgangen av formålsområda synte også at det låg inne store område avsett til framtidig hyttebygging. Desse områda vart vurdert som unødvendig bandlegging av område på grunn av den samle (Skal kanskje stå samla?) storleiken og eksisterande tomtereservar i gjeldande reguleringsplanar.

Det låg inne mange område for masseuttak med varierande og til dels uavklart status. Det vart gjennomført eit eige prosjekt der grunneigarane fekk førespurnad om dei ønska vidareføring og utvikling av masseuttaket eller om dei ønska å avslutte det.

**Inkludere nye føremålsområder og omsynssoner**  
Både innbyggjarane og administrasjonen har kome med innspel til endra arealbruk og omsynssoner. Desse har vore gjennom ei grovsiling og ei konsekvensutgreiing.

#### **Utarbeide sti- og løypeplan**

Utarbeiding av sti- og løypeplanen er godt i gang. Innbyggjarane har fått moglegheit til å spele inn forslag til turstiar og skiløyper. Planen vil bli lagt fram til politisk behandling som eiga sak.

#### **Kartlegge tiltak for å avhjelpe flaumsituasjonen i Åraksfjorden**

Kartlegginga er gjort gjennom dialog med Otteraens brugseierforening som regulant for Otravassdraget, og i samband med flaumsonekartlegginga. Det et lagt inn eit område i planforslaget med tanke på etablering av eit tredje løp for flaumsikring i kombinasjon med vasskraftverk ved Storestraumen. I kva grad dette vil ha positiv verknad på flaumhøgdene, må bli sett på i prosjektet. Andre tiltak som vil vere aktuelle er avbøtande tiltak som flaumsikring.

#### **1.6 Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA)**

KULA-registeret er eit landsdekkande register over landskap med nasjonal kulturhistorisk interesse. Åraksbø inngår i registeret. Val av landskap er basert på ei kulturminnefagleg vurdering. Jf. Riksantikvaren sin rettleiar for KULA og kommunal og regional forvaltning, er det ønskjeleg at kommunen legg til rette for utvikling og bruk som tar i vare og styrker dei kulturhistoriske verdiane i landskapet. Bygland kommune er kjent med statusen, og vil ta i vare det særegne kulturlandskapet i Åraksbø i samarbeid med innbyggjarane.



Åraksbø Foto: Anders Martinsen

## 1.7 Dialog og medverknad

Gjennom heile planarbeidet har vi lagt opp til at innbyggjarar, lag og organisasjoner, næringsliv og offentlege aktørar har fått medverke. Vi har også hatt dialog med regionalt planforum og rørte mynde. Stadskvalitetar, gode bu- og nærmiljø, næringsutvikling, primærnæringar, mobilitet og berekraftig utvikling har vore sentrale tema i medverknadsaktivitetane.

Det er kome mange innspel til ny arealbruk. Innspela har ført anten til konkrete grep i planforslaget (direkte påverknad) eller til betre kunnskap og datagrunnlag i analyse- og utgreiingsarbeidet (indirekte påverknad).

Kommunen mottok dei første innspela til planarbeidet under høyringa av planprogrammet til kommuneplanen sin arealdel, sommaren og hausten 2019. Dialog og medverknadsaktivitetar har vore parallelt med utgriing og utarbeiding av planen.

Hausten 2019 vart det gjennomført mange medverknadsarrangement som del av arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel. I dette arbeidet var hovudsatsingsområda sentrale tema. Det vart gjennomført Barnetrakk og dei godt vaksne vart utfordra på kva som er bra i kommunen og kva som bør bli endra. Innspel frå medverknadsarbeidet til Samfunnsdelen til kommuneplanen er brukt i utarbeidinga av arealdelen. Det vart også gjennomført ei innbyggjarundersøking for dei over 18 år.

På grunn av Covid-19 vart nokre av medverknadsaktivitetane sett på vent for å kunne gjennomføre fysiske møte.

Hausten 2020 og våren/hausten 2021 blei det gjennomført medverknadsarrangement med fokus på endra arealbruk. Barnehagane kartfesta sin bruk av nærmiljøa og elevane i barneskulen teikna sine favorittstadar i kommunen. Ungdomane idemyldra om kva dei ønskte seg av fysisk tilrettelegging og næringslivet vart utfordra på næringsareal. Siste frist for å kome med innspel til arealdelen var våren 2022.


Barn og unge si stemme er særleg viktige for ein framtidsplan som kommuneplanen. I arbeidet med samfunnsdelen gav barn og ungdomar i ulike aldersgrupper innspel til kva dei ønskjer i omgivnadene sine. I arbeidet med arealdelen har spørsmål til barn og unge vektlagt forhold som påverkar deira oppvekstmiljø.

Barn og unge er for det meste oppteken av ulike typar møteplassar der det er trygt å treffast, god tilgang til grønt- og rekreasjonsområde, forbindinger som gjer det lettint og trygt å flytte seg i nærmiljøet, samt eit variert idretts- og kulturtild.

Attraktive bustadomter langs fjorden, klimavennleg transport, samferdsel, styrking av landbruket og av stadtidentitet blei nemnde. Møteplassar og rekreasjonsområde, sosiale fellesskap og kulturtild for alle til alle årstider og gode tenester er blant mange andre tema som er relevante for arbeidet med arealdelen.

Medverknad i andre kommunale plan- og strategiprosessar har gitt meir kunnskap om tema som blant anna turvegar og teknisk infrastruktur.

Det er utarbeidd eigne medverknadsrapportar for arbeidsfasen som ligg på heimesida.



Moloen i Åraksbø

Moloen i Åraksbø er min favorittstad.

Ein kan køyre ut med båt der.

Ein kan fiske der.

Ein kan bade der.

Det er all slags vær der.

Elev i 3.Klasse på Bygland skule

## 1.8 Organisering og habilitet

Kommuneplanen sin arealdel er ein viktig plan for kommunen, og organiseringa bør spegle dette. Samtidig er det svært tidkrevjande å ta i vare og involvere alle grupper. I ei lita kommune er det også utfordringar med små forhold med omsyn til habilitet.

### Administrativ organisering

Kommunedirektøren, leiar drift og forvaltning, leiar plan og utvikling, og fagleiar plan/folkehelsekoordinator er **prosjektgruppe** for arealdelen. Klimakoordinator har også delatt i møta.

Kommunedirektøren er **prosjekteigar**, og har hatt som oppgåve å rapportere og sikre leveranse.

Fagleiar plan er **prosjektleiar**, og har leia, lagt til rette for, koordinert og stått ansvarleg for utarbeidingsa av planforslag.

Einingane drift og forvaltning og samfunnsutvikling, har bidratt i arbeidet med grovsiling og i utarbeiding av plandokumenta inkl. konsekvensutgreiinga. Fagområda økonomi, beredskap, oppvekst og helse og omsorg har delatt i arbeidet med konsekvensutgreiinga.

### Politisk organisering

Kommunestyret er **planstyresmakt** og skal gjere endeleg vedtak av planen.

Plan-, miljø- og ressursutvalet er **styringsgruppe** for arealdelen og kjem med innstilling til kommunestyret.

### Habilitet

Det har kome mange arealinnspel til revisjonen av kommuneplanen, som har ført til inhabilitet. Både

administrativt og politisk har det vore inhabile personar i heile eller delar av planprosessen – enten fordi ein er busett i eit innspselsområde, eller har familie eller nære vener som har kome med innspele, eller sjølv har kome med innspele.

KS Advokatene vart engasjert for å foreta ei ekstern vurdering av nokre habilitetsspørsmål, i tillegg til eigen vurdering. KS Advokatene har gjort vurderinger basert på informasjonen kommunedirektøren har gitt.

## 1.9 Utviklingstrekk

Det fysiske miljøet rundt oss er grunnleggande for helse og livskvalitet, og tilgang til helsefremmende nærmiljø og inkluderande lokalsamfunn har betydning for dei store folkesjukdommane og for den psykiske helsa vår.

Bygland kommune har hatt ein befolkningsnedgang dei siste åra. Utviklinga viser at Bygland ligg under den nasjonale folkeauken og det skuldast lågare fødselsoverskot og ei negativ nettoflytting. Folkeauken er sterkest i aldersgruppa 67 år og eldre.

Ein variert og attraktiv bustadmarknad er ein føresetnad for at innbyggjarane vil bli verande gjennom dei ulike livsfasane. Det krev tilrettelegging for eit variert bustadtilbod frå kommunen og vilje til å satse innan næringslivet.

Klimaet blir varmare, våtere og villare og ekstremvær vil inntrefje oftare. Dette aukar belastninga på kritisk infrastruktur som kraftforsyning, elektronisk kommunikasjon og vegnett. Det krev også auka omsyn til naturfare ved nye tiltak.



Foto: Marit S. Kvaale

Turveg på Byglandsfjord

## 2 Næringsutvikling og samarbeid om nye arbeidsplassar

### 2.1 Status

Talet på arbeidsplassar i kommunen har hatt ein markant nedgang dei siste 20 åra. Innan privat sysselsetting er talet halvert. Det er ei klar overvekt av pendling ut av kommunen.

Dei største enkeltnæringerane målt i talet på sysselsette, er helsetenester og undervisning. Nær halvparten av alle sysselsette i Bygland jobbar innan desse næringane. I tillegg har Bygland ein forholdsvis stor del sysselsette innan industri, bygge- og anleggsverksemd og jordbruk, skogbruk og fiske.

Nær 37 % av arealet i Bygland er jord- og skogbruksareal. Jordbruket er prega av middels til små driftseiningar, og grovförbasert mjølk- og storfeproduksjon utgjer verdiskapinga saman med sauehald. Dei siste 15 åra har det vore store strukturendringar i jordbruket i Agder, og talet på dekar dyrka jord og talet på jordbruksføretak har gått sterkt ned. Innan skogbruket har Agder ei forholdsvis høg sysselsetting, og ein rapport frå Telemarksforsking frå 2017 (TF-rapport nr 403) peikar på at regionen har eit ikkje utnytta potensiale når det gjeld avverking av industrivirke. Talet på føretak som søker om produksjonstilskot i jordbruket har vore positivt stabil i Bygland med 39 føretak i 2007 og 40 føretak i 2022.

Bygland kommune er rik på mineralressursar og har fleire masseuttak spreidd i heile kommunen. Ved alt anleggsarbeid oppstår det overskotsmassar som må bli tatt hand om. Dette er belastande for miljøet og samfunnet, blant annet på grunn av behov for areal til deponering, støv, støy og klimagassutslepp frå transport. Det behov for å sjå på forvaltning av overskotsmassar gjerne i samanheng med masseuttak.

### 2.2 Vegen vidare

Bygland kommune har ei viktig oppgåve som tilretteleggar for langsiktig og føreseieleg næringsutvikling, både som arealutviklar og gjennom å bidra til gode arenaer for dialog og nettverksbygging.

Med Byglandsfjorden som det naturlege midtpunktet i kommunen, så bør og skal vi tenkje både grønt skifte og blå økonomi framover. I tida framover skal vi tenkje saman omkring kva ferskvatnet betyr for kommunen, og korleis vi best kan utnytte ressursane på ein berekraftig og økonomisk måte.

Dei nye næringsområda i planen ligg nærme rv9 og relativt nærme sentruma. Områda skal styrke eksisterande næringsmiljø og legge til rette for vekst.

Bygland kommune samarbeider med Evje og Hornnes kommune om utvikling av eit større næringsområde på Syrtveit, som vil styrke Byglandsfjord som bustadområde spesielt.

Handels- og tenestetilbod skal bli tilpassa det enkelte området sin senterstatus. Bygland og Byglandsfjord skal vere kommunen sine handelssentrum og innbyggjarane sitt førsteval som tilbyder av daglegvarer og tenester. Ose kan bli vidareutvikla med tilbod for å dekke lokale behov. I reguleringsplanane for sentrumsområda skal det bli sett av tilstrekkeleg areal til handel, tenesteyting og servering som er tilpassa funksjonen til området.

I planen er det lagt til rette for auka utnytting av mineralressursane både med utviding av eksisterande masseuttak og etablering av nye. Det blir stilt krav om detaljregulering for å sikre omsyn til naturmiljø i drift og tilbakeføring etter drift. Ressursane vil kome heile regionen til gode. Massettak som ikkje er vidareført, og som er etablert gjennom utgåtte tidsavgrensa dispensasjoner, vil bli følgd opp i høve istandsetting jf. gitte vilkår.



Konseptskisser frå moglegheitsstudien for Presteneset, Henning Larsen Architects AS



### 3 Folkehelse, levekår, likestilling, inkludering og mangfald

#### 3.1 Status

Det er eit aktivt lag- og organisasjonsliv i kommunen. Spesielt sommarhalvåret blir det arrangert festivalar og tilstellingar som skapar liv og aktivitet.

Kultur- og idrettsanlegga er jamt fordelt innan kommunen, og dei er i stor grad i veldig god stand. Det er god aktivitet i anlegga. Samstundes er det få uformelle møteplassar som kafear og liknande.

Kommunen har levekårsutfordringar på enkelte område. Til dømes syner Folkehelseinstituttet sin statistikkbank at delen av born som bur i hushaldningar med låg inntekt, er høgare enn landsgjennomsnittet og det same er delen av innbyggjarar som mottek offentleg stønad.

Fleire eldre gjev velferdmessige utfordringar og det blir viktig å sikre god rekruttering til arbeidslivet etter dei som blir pensjonert. Synkande elevtal gjev pedagogiske og miljømessige utfordringar.

Nøkkeltala frå undersøkinga Ungdata 2022 som er for ungdomsskulen, syner at ungdomane i Bygland ligg på nivå med Agder og resten av landet på mange område. Det dei skil seg ut på i positiv retning er at dei er meir saman med vener på kveldane, dei er meir med på organiserte fritidsaktivitetar og dei har nytta ungdomsklubben i mykje større grad.

I negativ retning så er dei ikkje så nøgd med tilbodet av idrettsanlegg i nærområdet eller med kollektivtilbodet. Dei trenar noko mindre, og dei trur i mindre grad at dei kjem til å leve eit godt og lykkeleg liv.

#### 3.2 Vegen vidare

Bygland og Byglandsfjord er definert som sentrum i kommunen. Det inneber at vi skal prioritere offentleg og privat tenesteyting, handel, kultur og bustadutvikling i desse områda. Planen gjev rom for nye bustadområde både i sentruma og i bygdelaga. Det skal vere med på å skape levande bumiljø med aldersvariasjon. Dei nye områda har nærleik til eksisterande busetnad og kollektivtilbod.

På Bygland er det lagt til rette for bustadområde nærme fjorden. Det er fokus på fritidsområde med idrettsanlegg og turvegar, og på inkluderande møteplassar. Dette synest i mindre grad i arealdelen, men det blir jobba med i reguleringsplan- og i prosjektarbeid.

På Byglandsfjord er det lagt til rette for transformering av eldre industri- og næringsområde til forsterking av eksisterande bumiljø og næringsutvikling tilpassa dette. Målet er å auke og synleggjere kvalitetane som er i kvadraturen. Det er også fokus på turvegar og inkluderande møteplassar gjennom reguleringsplan- og prosjektarbeid.

Ose har ein særeigen kulturhistorie og et aktivt kulturmiljø. Gjennom tilrettelegging for ei berekraftig utvikling i området, så ligg det til rette for at fleire kan bidra til å halde aktiviteten og historia i hevd.

I Grendi er det lagt til rette for styrking av lokalsamfunnet gjennom eit nytt bustadområde og nytt bryggjeanlegg i tilknyting til friområde. Det er også lagt inn ny g/s-veg til Byglandsfjord for å legge til rette for auka sykkel og gange.



Foto: Mari S. Kvaale

Ose matmarknad

## 4 Klima og miljø

### 4.1 Status

Klima- og miljøarbeidet i Bygland kommune skal vere målretta og heilskapleg for å halde klimagassutsleppa nede og redusere ressursbruken i alle delar av samfunnet. Klimagassutsleppa i Bygland kommune er låge. Dei største bidraga kjem frå vegtrafikk og jordbruk. Nivået på utsleppa har vore stabile over fleire år.

I førre kommuneplan er det samla sett av store område til framtidig utbygging av fritidsbustadar. Nokre få område er regulert, men dei aller fleste av områda har det ikkje kome planinitiativ for.

Bygland kommune har spreidd busetting og lange avstandar. Vi er avhengige av å kunne nyte bilen som framkomstmiddel. Kollektivtilbodet er avgrensa på grunn av lite passasjergrunnlag. Det er nokre g/s-vegar i kommunen i hovudsak i bygdene.

Ladeinfrastruktur er under utbygging og har gjort til at fleire skaffar elbil. Kommunen har som målsetting å kjøpe fossilfrie tenestekøyretøy.

Samla sett er 55% av kommunen sitt areal bandlagt. Det vere seg landskapsvernområde, naturreservat, verna vassdrag, utvalde naturtypar, nasjonalt villreinområde m.m. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde og verneplanane for vassdraga Njardarheim og Tovdalsvassdraget utgjer den største delen av dei verna områda. Gjennom den statlege ordninga med frivillig vern av skog blir stadig nye område verna og avsett som naturreservat. Nokre av områda overlappar kvarandre.

| Verna område   | % av totalarealet |
|----------------|-------------------|
| Landskapsvern  | 21,3              |
| Verna vassdrag | 49,5              |
| Naturreservat  | 2,8               |



Rustfjell Foto: Knut Olav Forgard

### 4.2 Vegen vidare

Kommunen ønskjer å avgrense nye fritidsbustadområde til dalbotnen i nærleiken av vinterbrøta veg. Målet er å avgrense bandlegging av urørt natur som ikkje er i tråd med ønska utvikling, og styrke satsinga på Byglandsfjorden som utviklings- og aktivitetsområde. I planen er områda på heia som er avsett til framtidig fritidsbustadområde, som ikkje er regulert eller starta reguleringsprosess, tatt ut. Gjeldande reguleringsplanar har ein reserve på ca. 460 fritidsbustadtomter på heia og ca. 150 fritidsbustadtomter i dalbotnen. Reserven bør dekke kommunen sitt behov på lang sikt.

I planen er det lagt inn fleire g/s-vegar langs rv9 som vil legge til rette for meir grøn mobilitet. El-sykkeln gjev auka rekkevidde og fleire vil kunne sykle til sentrumsfunksjonar.

For å redusere utslepp frå varebilar, tyngre køyretøy og bygg- og anleggsvirksemrd, må det også bli planlagt og lagt til rette for utsleppskutt for bygg- og anleggsvirksemda og vare- og godstransport.

Arealendringar og fysiske inngrep i og langs vassdrag kan gi konsekvensar for vassmiljøet. Kommunen skal sørge for at det tas nødvendig omsyn til vassmiljø og dei miljømåla som er fastsett i regional plan for vassforvaltning i vassregion Agder. Visst arealbruken kan forringe miljøtilstanden i vassførekosten eller gjøre det vanskeleg å nå miljømålet, skal tiltaket bli vurdert etter vassforskrifta § 12. I konsekvensutgreiinga er det gjort overordna vurderingar av påverknad på vegetasjon og vassareal og forholdet mellom bygde og opne areal. Det er vurdert at føresegner i planforslag og fastsetting av avbøtande tiltak i reguleringsplanar, vil bidra til at tilstanden i vassdraga ikkje blir forringa på grunn av ny arealbruk.

Njardarheim og Tovdalsvassdraget inngår i verneplan for vassdrag. Hensikta med vernet er å sikre heilskaplege nedbørssfelt. Vernet gjeld først og fremst mot vasskraftutbygging, men verneverdiane skal også tas omsyn til ved andre inngrep. For desse vassdraga gjeld riks-politiske retningslinjer for verna vassdrag og kommuneplanen sine føresegner om byggegrense langs vassdrag. Det er ein føresetnad at eventuelle utbyggingar ikkje skal svekke verneverdiane i vassdraga. Saman med planføresegernene om byggegrenser mot vassdrag skal omsynet til elv- og bekkekunningar sine utløp i Byglandsfjorden bli ivaretatt.

Landbruksnæringa er viktig for kommunen. Fleire av brukta har modernisert drifta, og dei er med på å halde kulturlandskapet i hevd. Matjorda er trygga gjennom god forvaltning av areala.

## 5 Konsekvensutgreiing og ROS

Det er utarbeidd konsekvensutgreiing i tråd med krava til konsekvensutgreiing i plan- og bygningslova § 4-2, og forskrift om konsekvensutgreiingar (KU-forskrifta). Det er tatt utgangspunkt i KU-forskrifta si liste over vesentlege tema som bør bli utgreia. Konsekvensutgreiinga tar utgangspunkt i KMD sin rettleiar *Konsekvens-utredninger for planer etter plan- og bygningsloven* frå 2021.

### 5.1 Endringar frå gjeldande arealdel

Endringane i kommuneplanen er både knytt til føringar i kommuneplanføresegner og retningslinjer og til endra arealbruk.

Det er auka fokus på å legge til rette for tilgjengelege næringsareal, og lokalisering av riktig type og mengde næring til de ulike områda.

Attraktive bustadomter i nærleiken av sentruma og bygdelaga skal styrke lokalsamfunna. Kommunen har gode reserver med regulerte fritidsbustadomter. Dei områda som ikkje er regulert eller starta regulering, er tatt ut av kommuneplanen.

Innan masseforvaltning er det gjennomført ei kartlegging av status på masseuttaka i kommunen. Basert på det, dialog med grunneigarane og innspel til planarbeidet, så er det gjort ei oppdatering av områda avsett til masseuttak.

Det er sett av eit nytt areal til næringsformål i tilknyting til eksisterande næringsområde på Nesmoen og eit sør for Byglandsfjord. I tillegg er det sett av to mindre område på vestsida av Byglandsfjorden med tanke på båtlager og galleri, og eit eksisterande næringsareal i Grendi er utvida.

Det er lagt inn eit utviklingsområde på Austadneset for å styrke lokalsamfunna i nordre del av kommunen. Ein heilskapleg plan vil ta i vare verdiene i området. Det er også lagt inn eit utviklingsområde på Byglandsfjord, slik at ein i heilskapleg plan kan vurdere andre typar arealbruk enn den som er i området i dag, f.eks. bustad, næring, grønstruktur og idrett.

Det er lagt inn eit større bustadområde sør for Byglandsfjord og i Grendi som legg til rette for auka busetting med nærliek til regionsenteret Evje. Det er også lagt inn eit bustadområde som legg til rette for fortetting på Bygland, og eit nytt mindre bustadområde i tilknyting til Jordalsbø.

Det er lagt inn eitt nytt område for fritidsbustad sør for Lauvdal, og eitt område er endra frå næring til fritidsbustad på vestsida sør for Storestraumen. Begge ligg i tilknyting til Byglandsfjorden, og styrker fokuset på utvikling i nærleiken av eksisterande

infrastruktur.

Det er spelt inn forslag om å flytte dagens skytebane og leirduebane for å samle desse, og nytt areal er lagt inn i planen.

Det er lagt inn område for fritids- og turistformål der nokre er utviding eller korrigering av eksisterande område og nokre er etablering av ny verksemd som er retta mot opplevelingar og aktivitetar med tanke på turisme.

Det er fokus på fornybar energi og energieffektivisering, og i planen er det lagt inn nokre mindre vasskraftverk basert på innspel frå grunneigar. Alle desse kraftanlegga må bli vurdert med omsyn til konsesjonsplikt etter energilova. I føresegnene er det opna opp for etablering av solcelleanlegg montert på bygning og vindturbinar på bakken i bustadområde.

For å legge til rette for auka sykkel og gange er det lagt inn nye g/s-vegar frå bygdelag til sentruma. Desse ligg langs rv9, og krev eit samarbeid med vegmynde.

### 5.2 Konsekvensar av arealendringane

Det er foreslått sju større og eit mindre nytt utbyggingsområde i planen. Dei nye større utbyggingsområda blir omdisponert frå LNF til næring, idrett, bustad eller utviklingsområde. Det mindre utbyggingsområdet er allereie utbygd, men det er ønskjeleg med transformasjon. Der det er foreslått formålsendringar er desse også konsekvensutgreia. Alle områda som er konsekvensutgreia er vurdert å vere i konflikt med lokale eller regionale verdiar, men konfliktane er avgrensa og forventa å kunne bli løyst med avbøtande tiltak. Gjennom arbeidet med kommuneplanen sin arealdel har vi sett på og vurdert ikkje bygde areal som har vore avsett til byggeformål, og store areal avsett til fritidsbustadformål er foreslått tilbakeført til LNF. Endringane er av eit visst omfang, og areal avsett til bustad- og fornybar energiproduksjon har auka, medan fritidsbustadareaala har minka.

### 5.3 Risiko og sårbarheit

Risiko- og sårbarheitsanalysen for kommuneplanen sin arealdel er implementert i konsekvensutgreiinga. Den ser på dei risiko- og sårbarheitsforholda som har tyding for planlagt utbygging. Ekstremvær (flaum, overvatn) og snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred saman med høgspent og radon er vurdert som relevant ved utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel. I fleire av områda der det er foreslått arealendringar er det risiko. Dette er

i hovudsak knytt til flaum og skred. Dette er forhold som må bli vurdert og løyst i samband med reguleringsplan. I område med eldre reguleringsplanar der slike forhold ikkje er avklart, eller for tiltak som ikkje utløser krav til reguleringsplan, må dette bli løyst i byggesaka. Det er utarbeidd flaumrapport for Åraksfjorden og Byglandsfjorden som vart vedtatt av kommunestyre 09.02.2023. I forslag til kommuneplan er temaet ivaretatt ved at omsynssona for flaum er i samsvar med flaumkartlegginga. Omsynssona syner sikker byggehøgde for sikkerheitsklasse F2 (jf. TEK17) **utan** sikkerheitspåslaget på 30 cm. Det betyr at ein

må legge på 30 cm på flaumhøgda i plankartet for å finne sikker byggehøgde i kartet. For å ivareta omsynet til flaum er det utarbeidd retningsliner for korleis flaum og overvatn skal bli handtert ved regulering og utbygging.

Kommune har utarbeidd to mindre skredrapportar. Ein for delar av Byglandsfjord og ein i samband med områderegulering for Ose bygdesenter. Dei syner reell skredfare. Elles er potensiell skredfare lagt inn i plankartet. Utgreiingskrava som er lagt inn i kommuneplanen sine føresegner tar i vare risiko- og sårbarhetsforholda tilstrekkeleg på dette plannivået.



Pytten Foto: Sigrid Bjørgum

## 6 Arealrekneskap

Formålet med arealrekneskap er å ha eit betre kunnskapsgrunnlag over konsekvensane av endringane som blir gjort ved revidering av kommuneplanen sin arealdel, som vil gjere det mogleg å fatte kunnskapsbaserte avgjersle for endra arealbruk.

Analyseavdelinga i Agder fylkeskommune har utarbeidd eit arealrekneskap for Bygland kommune. Arealregnskapet viser oversikt over arealdelen 2011-2022 og forslag til framtidige areal for utbygging, og CO2-konsekvensene for disse. Hensikten med dette vise kva konsekvensen av planforslaget vil ha for klima og miljø.

Agder fylkeskommune si digitale løysing for arealrekneskap er ny i år. Den vil vere til stor nytte i vidare arbeid med planstrategi og framtidig revidering av kommuneplan.


I samband med utarbeiding av ny arealdel har Agder fylkeskommune utarbeidd **arealrekneskap** ved å samanstille gjeldande kommuneplan og forslaget til ny kommuneplan. Gjeldande

reguleringsplanar er inkludert slik at rekneskapen blir så presis som mogleg i å vise byggeområde og kva som kan reknast som byggbart (planreserven).

**Planreserven** består av alle delar av byggeområde som ikkje er tatt i bruk, og som er store nok til å romme ny utbygging.

**Klimafaktorane** svarer til dei som ligg i Miljødirektoratet sin metodikk, og gir utslepp i tonn CO2-ekvivalenter som følgje av arealbruksendringar over 20 år. Utsleppet er dermed summen av utsleppet som følgje av arealbruksendringa 1. år, og sumeffekten av dei neste 19 åra (som i realiteten ofte er det årlege opptaket av areala som opprinnelig var der  $\times 19$ ).

**MERK:** Arealrekneskapen er basert på administrasjonen sitt planforslag som var til politisk behandling 04.07.2023. I politisk vedtak i sak 60/23 vart to formålsområde avsett til *Andre typar bygningar og anlegg* (solkraftverk) tatt ut. Desse områda utgjer 524 daa.



Illustrasjon henta frå presentasjon av arealrekneskap i Agder, Gunnar O. Lindaas (AFK) 2022

## 6.1 Formålsendringar

Endring i omfang av arealformål frå gjeldande plan til planforslag (daa).

| Arealformål                                | Gjeldande        | Forslag          | Endring |
|--|------------------|------------------|---------|
| 1001 - Bygningar og anlegg                 | 60               | 74               | 14      |
| 1110 - Bustader                            | 911              | 1 242            | 330     |
| 1120 - Fritidsbusetnad                     | 23 325           | 2 298            | -21 027 |
| 1130 - Sentrumsformål                      | 9                | 9                | 0       |
| 1150 - Forretningar                        | 17               | 17               | 0       |
| 1160 - Offentleg eller privat tenesteyting | 85               | 77               | -8      |
| 1170 - Fritids- og turistformål            | 138              | 268              | 130     |
| 1200 - Råstoffutvinning                    | 1 262            | 688              | -574    |
| 1300 - Næringsbygningar                    | 1 076            | 866              | -210    |
| 1400 - Idrettsanlegg                       | 1 710            | 149              | -1 561  |
| 1500 - Andre typer bygningar og anlegg     | 192              | 750              | 558     |
| 1600 - Uteoppholdsareal                    | 6                | 6                | 0       |
| 1700 - Grav- og urnelund                   | 6                | 6                | 0       |
| 1800 - Kombinert byggje- og anleggsformål  | 117              | 322              | 205     |
| 2001 - Samferdselsanlegg og teknisk        | 370              | 347              | -23     |
| 2010 - Veg                                 | 461              | 1 174            | 713     |
| 2040 - Hamn                                | 5                | 3                | -2      |
| 2070 - Kollektivknutepunkt                 | 1                | 3                | 2       |
| 2080 - Parkering                           | 66               | 70               | 4       |
| 2100 - Trase for teknisk infrastruktur     | 1                | 1                | 0       |
| 2800 - Kombinerte formål samf., infrastr.  | 0                | 1                | 1       |
| 3002 - Grøntstruktur                       | 1 118            | 1 182            | 65      |
| 3020 - Naturområde                         |                  | 4                | 4       |
| 3030 - Turdrag                             | 0                | 3                | 3       |
| 3040 - Friområde                           | 256              | 244              | -12     |
| 3050 - Park                                | 10               | 11               | 0       |
| 3800 - Kombinerte grøntstrukturformål      | 23               | 23               | 0       |
| 5100 - LNF - tiltak for stadbunden næring  | 1 116 227        | 1 137 373        | 21 146  |
| 5210 - Spreidde bustader                   | 0                | 22               | 22      |
| 5220 - Spreidd fritidsbusetnad             | 0                | 4                | 4       |
| 5230 - Spreidde næringsbygningar           | 0                | 2                | 2       |
| 6001 - Bruk og vern av sjø, vassdrag,      | 167 317          | 167 911          | 594     |
| 6200 - Sjø, vassdrag - Farleier            | 8                | 8                | 0       |
| 6230 - Sjø, vassdrag - Småbåthamn          | 47               | 74               | 27      |
| 6500 - Sjø, vassdrag - Drikkevatn          | 408              |                  | -408    |
| 6600 - Sjø, vassdrag - Naturområde         | 10               | 10               | 0       |
| 6700 - Sjø, vassdrag - Friluftsområde      | 1 113            | 1 116            | 3       |
| 6800 - Sjø, vassdrag - Kombinerte formål   | 30               | 28               | -2      |
| 9999 - Udefinert                           | 51               | 51               | 0       |
| <b>Totalt</b>                              | <b>1 316 437</b> | <b>1 316 437</b> |         |

Den markante endringa i arealbruk for område avsett til fritidsbusetnad. Ved å ta ut områda som ikkje er påbegynt eller ferdig regulert, så gjev det eit positivt utslag på natur som ikkje er bandlagt til

utbygging og på reduksjon i klimagassutslepp. Idrettsanlegg har også ein større reduksjon, og det skuldast at større areal til idrettsanlegg låg inne langs den framtidige vegen til Åseral.

## 6.2 Planreserve

Byggeområde i natur der det kan bli bygd (daa).

| Arealformål                                | Gjeldande     | Forslag      | Endring        |
|--|---------------|--------------|----------------|
| 1001 - Bygningar og anlegg                 | 59            | 73           | 14             |
| 1110 - Bustader                            | 415           | 700          | 285            |
| 1120 - Fritidsbusetnad                     | 22 235        | 1 843        | -20 393        |
| 1130 - Sentrumsformål                      | 4             | 4            | 0              |
| 1150 - Forretninger                        | 7             | 7            | 0              |
| 1160 - Offentleg eller privat tenesteyting | 6             | 10           | 4              |
| 1300 - Næringsbygninger                    | 823           | 640          | -183           |
| 1500 - Andre typer bygningar og anlegg     | 121           | 656          | 535            |
| 1800 - Kombinert bygge- og anleggsformål   | 26            | 196          | 169            |
| 2010 - Veg                                 | 115           | 488          | 373            |
| 2080 - Parkering                           | 26            | 29           | 3              |
| 5210 - Spreidde bustader                   | 0             | 22           |                |
| 5220 - Spreidd fritidsbusetnad             | 0             | 4            |                |
| 5230 - Spreidde næringsbygninger           | 0             | 2            |                |
| <b>Totalt</b>                              | <b>23 840</b> | <b>4 674</b> | <b>-19 165</b> |

Planreserven går markant ned med planforslaget grunna reduksjon i område avsett til fritidsbusetnad. Dei andre arealformåla aukar grunna fokus på å legge til rette for attraktive bustadområde og

næringsutvikling. Årsaka til at areal til næringsområde er redusert, er avgrensing av eit næringsområde som delvis ligg i urealisert terrengr.

## 6.3 CO2-utslepp

Utslepp i tCO2 ekvivalentar visst 100% utbygd.

| Arealformål                                | Gjeldande      | Forslag        | Endring         |
|--|----------------|----------------|-----------------|
| 1001 - Bygningar og anlegg                 | 2 026          | 2 493          | 468             |
| 1110 - Bustader                            | 13 881         | 23 242         | 9 361           |
| 1120 - Fritidsbusetnad                     | 753 233        | 64 880         | -688 353        |
| 1130 - Sentrumsformål                      | 169            | 169            | 0               |
| 1150 - Forretninger                        | 258            | 258            | 0               |
| 1160 - Offentleg eller privat tenesteyting | 203            | 408            | 205             |
| 1300 - Næringsbygninger                    | 22 160         | 21 376         | -784            |
| 1500 - Andre typer bygningar og anlegg     | 4 362          | 10 024         | 5 662           |
| 1800 - Kombinert bygge- og anleggsformål   | 485            | 5 995          | 5 510           |
| 2010 - Veg                                 | 3 858          | 10 803         | 6 945           |
| 2080 - Parkering                           | 715            | 783            | 68              |
| 5210 - Spreidde bustader                   | 0              | 142            | 142             |
| 5220 - Spreidd fritidsbusetnad             | 0              | 18             | 18              |
| 5230 - Spreidde næringsbygninger           | 0              | 61             | 61              |
| <b>Totalt</b>                              | <b>801 349</b> | <b>140 652</b> | <b>-660 697</b> |

Det samla klimagassutsleppet vil bli betydeleg redusert med planforslaget, særleg grunna reduksjonen i areal avsett til fritidsbusetnad. Det er ei satsing på attraktive bustadomter og areal til

fornybar energi i planen som gjev ei auke i utslepp. I tillegg er det ei auke i utslepp for vegareal. Dette er knytt til gjennomførte utbyggings langs rv9 i hovudsak.

## 6.4 Beslag av arealtypar ved realisering av planreserve

| Fordeling i dag     |                  |                | Arealbeslag   |              |                |
|---------------------|------------------|----------------|---------------|--------------|----------------|
| Arealtype           | Dekar            | Prosent        | Gjeldande     | Forslag      | Endring        |
| Bygd                | 2 653            | 0,2 %          |               | 14           | 14             |
| Samferdsel          | 3 731            | 0,3 %          | 0             | 1            | 1              |
| Fulldyrka jord      | 7 557            | 0,6 %          | 104           | 146          | 42             |
| Overflatedyrka jord | 286              | 0,0 %          |               | 5            | 5              |
| Innmarksbeite       | 1 654            | 0,1 %          | 26            | 34           | 8              |
| Skog                | 475 793          | 36,1 %         | 18 709        | 3 639        | -15 070        |
| Ope fastmark        | 606 302          | 46,1 %         | 1 986         | 695          | -1 291         |
| Myr                 | 49 077           | 3,7 %          | 2 961         | 133          | -2 828         |
| Ferskvatn           | 169 384          | 12,9 %         | 53            | 7            | -46            |
| <b>Totalt</b>       | <b>1 316 437</b> | <b>100,0 %</b> | <b>23 840</b> | <b>4 674</b> | <b>-19 165</b> |

| Arealtypekonsekvens |                |              |
|---------------------|----------------|--------------|
| Ny fordeling        | Prosent        | Endring %    |
| 7 313               | 0,6 %          | 175,7 %      |
| 3 731               | 0,3 %          | 0,0 %        |
| 7 411               | 0,6 %          | -1,9 %       |
| 281                 | 0,0 %          | -1,9 %       |
| 1 620               | 0,1 %          | -2,1 %       |
| 472 155             | 35,9 %         | -0,8 %       |
| 605 607             | 46,0 %         | -0,1 %       |
| 48 944              | 3,7 %          | -0,3 %       |
| 169 376             | 12,9 %         | 0,0 %        |
| <b>1 316 437</b>    | <b>100,0 %</b> | <b>0,0 %</b> |

I forhold til tap av viktige naturtypar og CO2-utslepp, er det ikkje likegyldig kva for areal det blir bygd på. Nokre areal har større naturmessig verdi enn andre, og nokre areal gir større CO2-utslepp enn andre. Tabellen over syner at planforslaget gjev god utteljing på bevaring av myr som er ei viktig kjelde til binding av CO2. Det er ei mindre auke i bygging på fulldyrka jord som har ein høg

naturmessig verdi, noko som er negativt med omsyn til overordna føringar. Gjennom detaljregulering vil det vere mogleg å legge føringar om at dyrka mark skal tas i vare eller alternativt bli erstatta. Det er område med dyrka mark som gror til i kommunen, og desse har eit potensiale for reetablering.



Realisering av planreserve på Presteneset Foto: Sonja L. Skjevrak

## 7 Planen sin samla verknad

Anbefalte endringar i konsekvensutgreiinga er i stor grad i samsvar med overordna arealstrategiar og vil bygge opp under dei måla som er gitt i samfunnsdelen. Attraktive og livskraftige sentrum og bygdelag, bevaring av naturmangfald og trafikktryggleik er det lagt spesielt stor vekt på.

Det er ei knappheit på næringsareal i kommunen, og det har vore ei målsetting i planarbeidet å finne areal til dette. I vurderinga av aktuelle areal er det lagt vekt på at området skal vere i nærleiken av rv9 og styrke dei nærliggande bu- og serviceområda utan at det kjem i konflikt med busetnad eller fritidsbusetnad. Tilrettelegging for nye næringsområde følgjer opp Agder Kommunerevisjon IKS sine råd om auka fokus på rolla som tilretteleggjar for næringslivet.

Kommunen har store naturressursar innan mineralske førekomstar, trevirke og vatn. Det er lagt opp til vidare utnytting av spesielt dei mineralske ressursane basert på berekraftig utvinning og foredling av råstoffet.

Gjennom etablering av nye bustadområde i nærleiken av eksisterande busetting ønskjer kommunen at bygdelaga skal vidareutvikle seg, men med eit overordna fokus på nærliek til sentrumsfunksjonar og/eller kollektivtilbod. Fortetting i Bygland sentrum følgjer opp statlege og regionale føringar og den kommunale arealstrategien. Arealdelen har ti utviklingsområde. Endringane er vurdert å støtte opp om arealstrategien i kommunen, med ei fortetting og vidareutvikling i utviklingsområda framfor andre stader i byggsona. I hovudsak er endringane i kommuneplanen sine føresegner kvalitative krav til tiltak og utvikling i kommunen, slik at dei i liten grad endrar utbyggingsmoglegheitene.

Byglandsfjorden er kommunen sitt største potensiale innan turisme, og den blir mykje brukt av innbyggjarane. Det er ein stor trivselsfaktor. Tilrettelegging for båtbryggjer er med på å gje både innbyggjarar og besøkjande tilgang til fjorden. Det er fokus på felles båtbryggjer.

Gjeldande naturmangfald så gjer konsekvensutgreiinga for ny utbyggingsområde greie for temaet. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert å vere tilstrekkeleg for områda som er foreslått lagt inn i planen. Den samla belastninga på økosystemet, naturverdiane og biologisk mangfald er vurdert som avgrensa ut frå gjeldande kunnskap. Det er lagt inn føringar for at temaet skal bli utgreia i samband med vidare planlegging. Gjennom å ta ut store område avsett til framtidig utbygging, så bidrar kommunen med å nå regionale mål om meir

berekraftig utvikling og reduserte klimagassutslepp.

Barn og unge sine interesser er eit svært sentralt omsyn i planlegginga. Planen legg vekt på å ta i vare gode bumiljø og møteplassar for alle. Medverknad frå barn og unge har også vore i fokus. Vidare tilrettelegging av g/s-vegar er med på å gi trygg skuleveg og moglegheit for deltaking på fritida.

Tilrettelegging for vidare utvikling til allereie utbygde område bidrar til å effektivisere vassforsyning, avløp og renovasjon. Føresegne heimlar moglegheit for utbyggingsavtalar som igjen sikrar god infrastruktur i nye prosjekt.

Det er forventa ein betydeleg vekst i det nasjonale kraftforbruket i tiåra som kjem. Krafttilgang er eit stort tema på Agder, og det blir anbefalt å legge til rette for fornybar energi.

Samla sett gjev planforslaget ein reduksjon i CO<sub>2</sub>-utslepp på om lag 82% basert på Miljødirektoratet sin metodikk.



Stø kurs Foto: Marit S. Kvaale



Bygland kommune

Sentrum 18  
4745 Bygland

37 93 47 00

[www.bygland.kommune.no](http://www.bygland.kommune.no)



Med hjarta i Bygland Foto: Håvard Smeland